



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		

Dalsvegen- Ladestasjon, Hydrogenstasjon og Døgnkvileplass for tunge køyretøy

Vedlegg

- 1 Brubakk. Overtakelse av tomt til KRR_Anbud
- 2 Reguleringsplan_med situasjonsplan døgnkvileplass åmot

Dokument i saka

Bakgrunn

Det er eit samarbeid mellom Supercharge AS/Ladekraft AS og Hydrogenvegen AS, samt no kanskje også Statens Vegvesen, i å finne ein lagleg stad for Hydrogenfylllestasjon, Ladestasjon og Døgnkvileplass for tunge køyretøy i Åmot. Fyste forslag var på tomt ved Circle K, men kom til at det var for liten plass til ein ev kombinasjonsplass. Det var og utfordring rundt risikosoner. Ein fant då eit område rett etter brua mot Dalen. Det har vore gjort ulike skisser og finn at området er lagleg i høve til dei flest av utsjekk punkta for eksempel Statens Vegvesen har i høve til døgnkvileplass.

Kommunen har ikkje eigedom i dette området, slik at det kun via dialog med grunneigarar av området ein har sett om det er mogleg å få til ein plass som nemnt. I desse dagar er det ei høyring ute. Fristen på den er litt ute i november, slik at me har ikkje dei endelege data frå denne høyringa enda.

Årsaka til at ein ynskjer å få denne handsama, er at det er ynskje om ei forskotering av kjøp av plassen, for så å vidareseleje for eingongssum, eller ei leige som speglar kostnadane. Det må difor ev takast omsyn til dette i det vidare budsjettarbeidet til Vinje kommune.

Pr i dag er det mykje «cirka» i høvet til kva prisen blir til slutt, då Statens Vegvesen er inne å vurderer plassen som ein sentral døgnkvileplass. Men held ein utom all anna enn tomtekjøp,

bortsett frå ein del av massebehovet dekt då det er snakk om å sprengje bort ein knaus på eigedomen til Verkstadvegen for å få erstatningsareal til den eine eigaren, er prisen slik:

KR Entreprenør AS - pris på erstatning av areal/bygg Gnr 16/Bnr 12	kr 7 132 000,-
Sveinung Midtgarden AS - pris på areal og fjerning av bygg	kr 2 500 000,-
Dag Lie/Verkstadvegen AS - pris på areal og skjoting av knaus	<u>kr 3 130 000,-</u>
Sum eks.mva	<u>kr 12 762 000,-</u>

Vurdering

Dette er ei sak som bidreg til å få dekt eit framtidig behov som truleg kjem som følgje av den auken ein vil få på E 134, etter nye tunnelar og oppgradering som no er i gang gjennom Rennfast og ny Seljestad-Røldal tunell. Det er òg som følgje av at det vil bli meir og meir tunge køyretøy som ikkje har fossilt drivstoff.

Som døgnkvilestad er det innom distansen frå Stavanger, før ein må ha fyste kvil. Plassen er lagleg i høve til nærleik til sentrum og tilbodet der. Sjølv om det er sentrumsnært, er det likevel så langt ifrå bustadar at støy ikkje vil bli eit problem.

Men det er etter seg ein stor kostnad forbunde med erverv av denne plassen. Det i seg sjølv gjer at kommunedirektøren er i tvil om dette er noko Vinje kommune kan gå vidare med. Slik den økonomiske verkelegheita er i Vinje, må ein etter kvart gjere strengare prioriteringar.

Behovet er der og at det kjem til å auke monaleg om få år, likevel må dette vera opp til aktørane å ordne sjølve å ta vidare. Vinje kommune har gjeve støtte til å få utgreidd om området er lagleg, samt betalt for å gjera ein reguleringsplan. Det gjer at aktørane no kan arbeide vidare med området sjølve.

Kommunedirektøren rår difor til at Vinje kommune kan framleis vera ein medspelar i dialogen mellom ulike aktørar og grunneigarar. Men at det er opp til aktørane å forhandle vidare detaljar med grunneigarane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune har ikkje høve til å gå inn å forskotere erverv av eigedom, men kan vera ein medspelar i høve til det vidare arbeidet.